

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
102/14	Kommunestyret	PS	27.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Julie Daling	14/6652

## Lokalisering av Luftsportsanlegg i Nordhordland

### Vedlegg:

Etablering av Luftsportssenter i Nordhordland 2014

### Kommunestyret - 102/14

#### KO - behandling:

#### Fellesframlegg:

1. Kommunestyret ynskjer å gå vidare med alternativ 1 Hope-Risa
2. Lokalisering av eit luftsportanlegg på Risa/Hope må avklarast gjennom ein konsekvensutgreiing (KU). Denne avklaringa må gjennomførast gjennom rullering av kommunedelplan eller som ein privat reguleringsplan.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### Framlegg frå D.M.Hope-H:

Som rådmannen sitt framlegg, men kun med alternativ Erstad og Kjevikdalen.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Dag-Martin Hope-H)

#### KO - vedtak:

1. Kommunestyret ynskjer å gå vidare med alternativ 1 Hope-Risa2. Lokalisering av eit luftsportanlegg på Risa/Hope må avklarast gjennom ein konsekvensutgreiing (KU). Denne avklaringa må gjennomførast gjennom rullering av kommunedelplan eller som ein privat reguleringsplan.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

**Bakgrunn**

Vedlagd Rapport frå arbeidsgruppa; «Etablering av luftsportssenter i Nordhordland». Arbeidsgruppa har vurdert tre alternative lokaliseringar i Lindås kommune:

1. Hope/Risa
2. Erstadfjellet
3. Kjevikdalen

Rapporten konkluderer med at dei to fyrste alternativa er mest aktuelle.

Konklusjon frå rapport frå arbeidsgruppa: «Hope/Risa har størst potensial for utvikling av eit komplett Luftsportsanlegg og med god føresetnad for kombinasjon av sjø- og landfly. Ilandføring av ny kraftlinje medfører ein meir vestleg baneretning enn ynskjeleg for flystripa, men er likevel realiserbar. Ved god kommunal tilrettelegging kan plasseringa likevel gje fordelar ved at det skal deponerast store overskotsmassar frå planlagd og nær føreståande anleggsverksemd i området. Dette vil føre til eit mindre investeringsbehov for å få realisert eit anlegg. Hope har elles ei stor moglegheit for å kunne utvikla området og leggje til rette for både luft- og havsportsaktivitetar med meir i området.

Oppsummert er Hope/ Risa eit anlegg som kan realiserast raskt. Kostnadane kan vere minimale dersom ein får utnytte overskuddsmassar fra BKK sin anleggsvirksomhet, samt Mongstad Base. Nærmiljøet vil få eit løft med moglegheit for nye idrettsanlegg i denne delen av kommunen, kor det per i dag ikkje er noko anlegg.

Erstad har gunstigare baneretning enn på Hope, men banelengda er noko avgrensa. Området ligg svært sentralt i Nordhordlandskommunane og er lett tilgjengeleg frå kommunesenteret Knarvik. Utvidingspotensialet er noko mindre og ei effektiv drift av sjø- og landflyging vil vere utfordrande. Erstadfjellet vil ha eit større behov for massar. For å kompensere for dette kan det leggas asfalt på landingsbana. Kravet til lengde vil då gå ned. Oppsummert er Erstadfjellet eit godt område for etablering av eit anlegg, og ein må gå vidare med utgreiingar for å sjå moglegheiter for realisering. Litt meir usikkerhet knytta til tidsplan og kostnad i dette området.

Poengmessig er Hope og Erstad tilnærma likeverdige, men Hope har i tillegg til eit større utviklingspotensial, mogelegheit for ein kombinasjon av hav- og luftsport. I tillegg vil det være mulig å auka banebredda slik at sikkerhet og bruksmuligheter går opp. Ei tilrettelegging og involvering frå kommunen si side er naudsynt på både Hope og Erstadfjellet».

Kommunestyrevedtak 046/14: «Kommunestyret sender saka til administrasjonen for vidare utgreiing av endeleg plassering. Kommunestyret ser at luftsportsanlegg med stor fordel kan

sjåast i samanheng med disponering av overskuddsmassar i Mongstadorrådet. Kommunestyret bed administrasjonen raskt få saka tilbake til kommunestyret for endeleg avklaring av ønskt plassering og avklaring av prosessen vidare».

## Vurdering


Administrasjonen ser at den utarbeidde rapporten er eit godt grunnlag å gå vidare med når det gjeld lokalisering av Luftsportsanlegg. Det må nemnast at Areal- og miljøavdelinga ikkje innehar nok flyteknisk kompetanse til å gå inn i rapporten og gje ei kvalifisert tilråding av alternativ. Administrasjonen har difor ikkje gått inn i ei utgreiing av dei alternative lokaliseringane, men har valgt å gje konkrete tilrådingar på planprosessen vidare. Arealspørsmålet omkring lokalisering av eit Luftsportsanlegg må drøftast etter reglane i plan- og bygningslova og helst i samanheng med framtidig rullering av kommuneplanen. Då ein plan for eit Luftsportsanlegg vert vurdert til å ha vesentleg verknad for miljø og samfunn, vil plan- og bygningslova sin § 4-2 setje krav om konsekvensutgreiing (KU). Det vert også vist til Forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR 2009-06-26 nr.855).

### Gjeldande arealføremål i overordna kommuneplanar:


Erstadjellet ligg som LNF-område i gjeldande Kommuneplan for Lindås 2011-2023.

Hope/Risa ligg som LNF-område i gjeldande Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, vedtatt 16.09.2010.

Eit planforslag som er i strid med overordna kommuneplan vil automatisk krevje konsekvensutgreiing.



Figur 1: Utklipp frå Kommuneplanens arealdel 2011-2023



Figur 2: Utklipp frå Kommunedelplan for Lindås med Mongstad (16.09.2010)

Plan for Luftsportsanlegg ligg ikkje inne i Planstrategien for Lindås kommune. Dette er eit privat initiativ og rådmannen forutset at planen vert initiert og kosta av private aktørar.

#### Vidare planprosess – moglege vegar:

1. Detaljreguleringsplan med planprogram og KU. Dette kan gjerast som eit privat initiativ. Då det er strid med overordna kommunedelplanar, vil det kunne innebere ein risiko for motsegn frå regionale mynde.
2. Avvente rullering av kommuneplanen for Lindås kommune. Lokalisering av luftsportsanlegget vil kunne sjåast i ein større samanheng gjennom kommuneplanprosessen. Innspel om luftsportssenter vert konsekvensutgreidd på lik linje med alle andre innspel i denne prosessen. Rulleringa er planlagt starta opp i 2016.

Den utarbeidde rapporten er eit godt grunnlag for ei konsekvensutgreiing, særskilt med tanke på dei flytekniske vurderingane. Ein uavhengig KU vil kunne fokusere meir på miljø og samfunn, samstundes som vurderingskriteria kostnad, sambruk og realiseringsevne blir vektlagt. Det vil truleg vere behov for ein analyse av forventa flystøy med omsyn til busetnad i dei aktuelle områda. Då luftrommet vert teke ibruk, vil influensområdet i realiteten verte større enn det anlegget som ligg på bakken. Særskild er dette eit omsyn i området Erstadfjellet som ikkje ligg så langt frå eit relativt tett befolka område kring Alversund-Isdalstø-Knarvik. Dette arealet er i kommuneplanen sin arealdel avsett med omsynssone Friluftsliv. § 7.9 i arealdelen sine føresegner: «Sona omfattar område med store lokale eller regionale friluftsverdiar. Friluftsliv skal ha særskilt vern innanfor sona, og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor områda...».

Luftsportsanlegg på Erstadfjellet vart vurdert som innspel i samband med kommuneplanprosessen i 2011. Arealet vart teke ut av planen etter motsegn frå Fylkesmannen og vedtak i plan-og miljøutvalet. Det var då stor mobilisering frå 71 merknadsstillarar som ønskte flystripe på Erstadfjellet.

I følgje vedlagt rapport har BKK ikkje hatt innvendingar til plassering av ei flystripe på Hope/Risa. Argumentet med at området kjem til å vere prega av anleggsverksemd og at ei flystripe vil kunne dra nytte av overskotsmasse frå BKK sitt anlegg, er noko som vil tale for dette alternativet. Rapporten påpeikar at «Nærmiljøet vil få eit løft med mogelegheit for nye idrettsanlegg i denne delen av kommunen, kor det per i dag ikkje er noko anlegg». Lokalisering av nye idrettsanlegg bør sjåast i samheng med andre anlegg i regionen, også m.o.t avstandar og transportbehov. Andre forhold som kan spele inn for plassering, er vurdering av naturmangfald. Delar av området som er foreslått til flystripe på Hope/ Risa er i Naturdatabasen merka som naturtype *kystlynghei*. Konsekvensane for denne naturtypen må utgreiast i eit framtidig planarbeid.

Administrasjonen tilrår at begge alternativa (Erstadfjellet og Hope/Risa) vert vurdert gjennom ein KU-prosess som vil føre fram til ei avklaring for lokalisering av eit luftsportsanlegg. Denne avklaringa kan gjerast gjennom ei rullering av kommuneplanen eller som private reguleringsplanar med KU.